# Slå Bjørn Olav i lynsjakk og vinn Festidalenpass. 26.07.2014




**Festidalen har lagt ut ei melding om at sommarpatruljen deira er på farten i dag. Dei skal i tur og orden besøkja Rosendal, Uskedalen, Husnes og Sæbøvik. Til Uskedalen kjem dei kl. 13, og dei vert å finne i området rundt Spar-butikken og båthamna.**

Dei skriv vidare i meldinga: 'Er du heldig vinn du kanskje eit pass eller to medan du dansar lett til årets speleliste... og knuser Bjørn Olav Tveit i lynsjakk. Han slit med opninga for tida og lover å starte med svart. På Husnes stiller sjølvaste Haldor Tveit, så her må dei små grå verkeleg fungere.'

Det blir og ein Instagram-konkurranse. Der gjeld det å ta bilete saman med Festidalen-delegasjonen, #Festidalen #berrefemdagaratt Her er premien pass til den som får flest likes i løpet av dagen. Namn på vinnaren vert offentleggjort på facebooksida til Festidalen.

Sommarpatruljen startar i Rosendal kl. 11. Dei er altså i Uskedalen kl.13 og held fram til Husnes kl. 14 og Sæbøvik kl.16..

Tekst og nett: Thor Inge Døssland